

NY RETTSKRIVING FOR 2000-TALET

SAKSPAPIR TIL MØTE I RETTSKRIVINGSNEMNDA 14. DESEMBER 2010

I OBSERVATORIEGATA 1B, KL. 8.30–15.30

Framlegg til sakliste:

- I. Godkjenning av innkalling, referat, sakliste og tidsplan
- II. Sidan sist
- III. Aktuelle oppgaver
- IV. Høyringsmøtet 21. februar 2011
- V. Nokre signalord
- VI. Ny gjennomgang av norma – formverket

I. GODKJENNING AV INNKALLING, REFERAT, SAKLISTE OG TIDSPLAN

Møtet var fastsett i møteplanen vår. Førebels innkalling vart send ut 3. desember.

Oversyn over alle vedtak frå fyrste runde vart lagde ut i arbeidsrommet til nemnda 30. oktober.

Samla sakspapir vart sende ut 13.12.2010.

Det var semje om at resultata av andre gjennomgang skulle leggjast ut samla etter komande møte. Derfor vart det laga ein kortversjon av referatet frå sist møte. Den vart lagd ut i arbeidsrommet eit par dagar etter møtet og godkjend via e-post. Deretter vart han lagd ut på nettsida vår.

Den lange versjonen med andre gongs gjennomgang av vedtaka om lydverk har nemnda fått tilsendt på e-post. Dessutan ligg han i arbeidsrommet.

Framlegg til sakliste står ovanfor.

II. SIDAN SIST

11. november var Grete Riise og Aud Søyland på møte med fagråd 3 (fagråd for normering og språkobservasjon) og fagråd 2 (fagråd for skule og offentleg forvaltning).

Advokat Kristine M. Madsen var i kontakt med Utdanningsdirektoratet veka etter sist møte i rettskrivingsnemnda, med tanke på at nemnda skal få tilgang til eksamenssvar frå vidaregåande skular i Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal.

III. AKTUELLE OPPGÅVER

Dette har me i blokka:

- Møte med styret i Språkrådet 15. desember (Grete)
- Møte med fagråd 3 og eventuelt sekretariatet 12. januar (Grete og Aud)
- Møte med rektorane for vidaregåande skular i Hordaland 17. februar (Grete)
- Møte med styret i LNK 2 (Grete og Aud)
- Landsmøtet i Noregs Mållag (8.–10. april)

Det kan elles vera aktuelt å skriva fleire artiklar til nettstader for å få reaksjonar på arbeidet vårt.

Vidare blir det truleg aktuelt å besøkje lag som vil ha orientering om arbeidet vårt.

IV. HØYRINGSMØTET 21. FEBRUAR 2011

Marit Hovdenak orienterer om det som er planlagt frå sekretariatet si side så langt.

V. VURDERING AV NOKRE SIGNALORD

Nokre "signalord" har vore oppe i nemnda ved eit par høve tidlegare:

nå/no, da/då, så/so, bare/berre, bar/berr, mye/mykje, noe/noko, skole/skule, kjøra/køyra.

Nemnda ønskjer no å sjå desse orda samla.

Status i dag

Nokre av orda har to jamstelte former, mens andre har ei hovudform og ei klammeform:

<i>berr</i> [bar]	<i>kjøra</i> el. <i>køyra</i>	<i>nokon</i> [noen]
<i>berre</i> [bare]	<i>mye</i> el. <i>mykje</i>	<i>skole</i> el. <i>skule</i>
<i>da</i> el. <i>då</i>	<i>no</i> [nå]	<i>så</i> [so]

Framlegg til ny rettskriving

I fyrste gjennomgang gjekk Riise-nemnda inn for dette:

<i>bar</i> el. <i>berr</i>	<i>køyra</i>	<i>nokon</i>
<i>berre</i>	<i>mykje</i>	<i>skule</i>
<i>da</i> el. <i>då</i> (ikkje vurdert)	<i>no</i>	<i>så</i>

Normhistorikk

Aasen	1917	1938	1959	1991
<i>berr</i>	<i>berr</i> [bar]	<i>berr</i>	<i>berr</i> [bar]	
<i>berre</i>	<i>berre</i> el. <i>bare</i>	<i>berre</i>	<i>berre</i> [bare]	
<i>da</i> ¹ el. <i>daa</i>	<i>då</i> [da]	<i>da</i> el. <i>då</i>	<i>da</i> el. <i>då</i>	
<i>køyra</i>	<i>køyra</i> el. <i>kjøra</i>	<i>køyra</i> [kjøra]	<i>kjøra</i> el. <i>køyra</i>	
<i>mykje</i>	<i>mykje</i>	<i>mykje</i> [mye]	<i>mye</i> el. <i>mykje</i>	
<i>no</i> el. <i>naa</i> ²	<i>no</i> el. <i>nå</i>	<i>no</i> [nå]	<i>no</i> [nå]	
<i>nokon</i>	<i>nokon</i>	<i>nokon</i> [noen]	<i>nokon</i> [noen]	
<i>skule</i>	<i>skule</i>	<i>skule</i> [skole]	<i>skole</i> el. <i>skule</i>	
<i>so</i> el. <i>saa</i> ³	<i>so</i> el. <i>så</i>	<i>så</i>	<i>så</i>	<i>så</i> [so]

¹ Aasen har *da* som eige oppslagsord, men skriv "s. daa". Under *daa* står det: "Hedder paa nogle St. **da** (Østl.)."

² Aasen har *naa* som eige oppslagsord, men skriv "s. no". Under *no* står det: "I de sydlige Egne: **naa**."

³ Aasen har *saa* som eige oppslagsord, men skriv "s. so". Under *so* står det: "Afvig. **so**, med aabent o (o'), Sæt., og **saa** (med reent aa) i de sydlige og østlige Egne."

Nynorskrettskrivinga s. 80: "Det ubundne pronomenet *nokon* – *noka/nokor* – *noko* – *nokre* var eineform fram til 1938. Tilrådinga frå 1935 gjorde då framlegg om å innføra denne valfridomen: *nokon/noen* – *noka/nokor* – *noko/noe* – *nokre/noen*. Grunngevinga for dei *k*-lause formene var at dei hadde sterk støtte i 'de vikske, opplandske og trøndske bygdemål, foruten i de fleste bymål' (s. 47). Desse nye formene (+ hokjønnsforma *noa*) fekk klammeformstatus i *Ny rettskriving* 38, som dei har hatt det til i dag. Etter 1959-normalen gjekk hokjønnsforma *noa* ut, og bøyingsmønsteret vart [*noen* – *noen* – *noe* – *noen*]. Bøyinga av tradisjonsformene (med *k*) vart endra slik at hokjønnsforma [*nokor*] vart klammeform. I tillegg skulle *nokon* også kunna brukast i fleirtal (særleg i spørsmål og nekting, jf. omtalen under *Talemålsgrunnlag*)."

Fleirtalet bak *Nynorskrettskrivinga* ville jamstella *nokon* og *noen*, mens mindretalet ville ta ut *noen*.

I *Nynorskrettskrivinga* vart orda *berr* [*bar*], *berre* [*bare*], *mye/mykje*, *no* [*nå*] og *så* [*so*] vurderte under punkt 2.3 Einskildord (s. 111). Fleirtalet ville jamstella desse orda, mens mindretalet ville ta ut [*bar*], [*bare*], *mye*, [*nå*] og [*so*].

Da/då, *kjøra/køyra* og *skole/skule* vart ikkje vurderte i 2002-utgreiinga, fordi nemnda hadde vedteke eit prinsipp om at "alle enkeltorda som etter 2000-framlegget skulle ha valfrie former innanfor læreboknormalen, også [blir] valfrie vidare".

Skriftspråkleg tradisjon og praksis

Oversikta ovanfor viser at desse orda har hatt varierende status gjennom tidene. Det påverkar naturleg nok bruken.

Treffa nedanfor seier noko om korleis orda er brukte i skrift. Søka er gjorde i materialet i Tekstkorpuset som er frå etter 1938.

<i>berr</i>	100 treff	[<i>so</i>]	70 treff
[<i>bar</i>]	2 "		

<i>berre</i>	800 treff
[<i>bare</i>]	130 "

<i>då</i>	675 treff
<i>da</i>	260 "

<i>køyra</i>	ca. 700 treff
<i>kjøra</i>	ca. 100 "

<i>mykje</i>	946 treff
<i>mye</i>	Mange treff, mykje bm., ikkje talt opp
<i>no</i>	Seks gonger så mange som <i>nå</i>
[<i>nå</i>]	900 treff (mykje bm.)

<i>nokon</i>	Tolv gonger så mange som <i>noen</i>
[<i>noen</i>]	920 treff (mykje bm.)

<i>skule</i>	725 treff
<i>skole</i>	130 "

<i>så</i>	Tolv gonger så mange som <i>so</i>
-----------	------------------------------------

Klammeformene *bare*, *nå* og *so* er naturleg nok mindre brukte enn dei tilsvarande sideformene, men står overraskande sterkt i skrift. Ikkje minst gjeld det *so*, som var ute av rettskrivinga i 74 år, og som jo ikkje er samanfallande med bokmål.

Da og *skole* har vore jamstelte hovudformer sidan 1959, og er nok brukte mindre enn *då* og *skule*. *Skole* har likevel vore bortimot eineform i statlege dokument, fordi det er ei fellesform. Også forlaga har i stor grad brukt *skole* i lærebøker o.a.

Nynorskrettskrivinga s. 40: "Dei monoftongformene som har fått best gjennomslag, er *kjøra* og *trøtt*, 3–4 av forfatarane [frå 70-åra] bruker desse formene."

Om *berr* [*bar*], *berre* [*bare*], *no* [*nå*], *så* [*so*] og *mye*/*mykje* og fleire ord står det i *Nynorskrettskrivinga* s. 112: "Eit moment som har vore framme i rettskrivingsdrøftingane, er at ein lettare skal kunna opna for valfridom i ord med stor frekvens i språket enn i ord med liten frekvens. Frekvensane for bruken av dei ymse orda (samla for begge/alle formvariantane) er etter *Nynorsk frekvensordbok* svært høge for dei fleste av desse orda. Dei 1000 mest frekvente orda (dvs. uavhengig av ordform) i språket vårt – dvs. ord med frekvens over 80 i denne frekvensordboka. Det vil seia at desse orda er blant dei 1000 vanlegaste orda i norsk: *anten/enten*, *bar(e)/berr(e)*, *bilde/bilete*, *framand/fremmend*, *gjere/gjøre*, *haldning/holdning*, *hjarte/hjerte*, *idrett/idrott*, *mog(e)leg/muleg*, *mye/mykje*, *no/nå*, *sia/sidan*, *so/så*, *sommar/sumar*, *somme/sume*, *true/truge*, *verd/verdi*. Desse må reknast for frekvente og til dels svært frekvente ord. (...) Frekvensane for formene er derimot svært skiftande, og aller oftast dominerer dei tradisjonelle formene."

Her kan det vera interessant å sjå på rettskrivingsmalane til forskjellige nynorske institusjonar. Også framlegget frå Ola Breivega og Arvid Langeland er teke med.

Dagens rettskriving	NPK	Samlaget	Bibelen 2010	Nynorsk kultursentrum	Breivega / Langeland
<i>berr</i> [<i>bar</i>]	<i>bar/berr</i>	<i>berr</i>	<i>berr</i>	<i>berr</i>	<i>berr</i>
<i>berre</i> [<i>bare</i>]	<i>bare/berre</i>	<i>berre</i>	<i>berre</i>	<i>berre</i>	<i>berre</i>
<i>da</i> el. <i>då</i>	<i>da/då</i>	<i>då</i>	<i>då</i>	<i>då</i>	<i>då</i>
<i>kjøra</i> el. <i>køyra</i>	<i>kjøre/køyre</i>	<i>køyre</i>	(<i>køyra?</i>)	<i>køyre</i>	<i>køyra</i>
<i>mye</i> el. <i>mykje</i>	<i>mye/mykje</i>	<i>mykje</i>	(<i>mykje?</i>)	<i>mykje</i>	<i>mykje</i>
<i>no</i> [<i>nå</i>]	<i>no/nå</i>	<i>no</i>	<i>no</i>	<i>no</i>	<i>no</i>
<i>nokon</i> [<i>noen</i>]	<i>noen/nokon</i>	<i>nokon</i>	<i>nokon</i>	<i>nokon</i>	<i>nokon</i>
<i>skole</i> el. <i>skule</i>	<i>skole/skule</i>	<i>skule</i> (Utd. ev. <i>skole</i>)	(<i>skule?</i>)	<i>skule</i>	<i>skule</i>
<i>så</i> [<i>so</i>]	<i>så</i>	<i>så</i>	<i>så</i>	<i>så</i>	<i>so/så</i>

Talemålsgrunnlag

Det verkar som om det fyrst og fremst er ved signalord som *bare/berre*, *no/nå* og *so/så*, *da/då* og *skole/skule* at språkbrukarane legg vekt på uttalen når dei skal velja skrivemåte. Det har såleis

kome reaksjonar på at me vil kutta ut noverande klammeformer som *bare*, *nå* og *so*, og hovudformene *da* og *skole*, med talemålet som grunngeving.

Bara/bare/barre er ifølgje Norsk Ordbok (NOB) utbreidd i Vest-Agder, Rogaland, Oslo, Østfold, Akershus, Vestfold, Telemark og i Bergen.

Da finn me på flatbygdene på Austlandet, i Østerdalen, Gudbrandsdalen, Numedal, Aust-Telemark, Nedre Telemark, Sørlandet, Trøndelag, somme stader i Nord-Noreg (NOB).

Nå er vanleg i bymål, på flatbygdene på Austlandet, Østerdalen, Gudbrandsdalen, Ytre Agder, Rogaland, Nordmøre, Sør-Trøndelag, Steigen, Bardu, Øverbygd, Alta, Kjølvik (NOB).

So er mykje brukt på Vestlandet frå og med Hordaland til og med Sunnmøre, og i Hallingdal og Valdres.

Skule er så å seia eineform i talemålet i område der nynorsk er hovudmål i skulen, dvs. på Vestlandet og i dalføra på Austlandet. *Skole* står sterkt i talemåla i Trøndelag, Nord-Noreg og på delar av Austlandet, særleg i bynære strøk.

Det er særleg folk frå Sør-Vestlandet som reagerer på framlegget om å ta *kjøra* ut av rettskrivinga. Der er *kjøra* ei vanleg talemålsform, mens verbet *høyra*, som har parallell bøyning, har diftong i dei same målføra. NOB opplyser at *kjøra* blir brukt på Austlandet, Ytre Agder, Sør-Vestlandet, Rogaland, Sunnhordland, Midthordland, Nordhordland, Ålesund, nordafjells.) Paret *høyra* og *kjøra* finn ein elles i fleire landsdelar.

Om *nokon/noen* står det i *Nynorskrettskrivinga* s. 80: "Kort oppsummert kan talemålsgrunnlaget skisserast slik: *Nokon* er brukt på Vestlandet og dels i Nord-Noreg og på Austlandet. *Noen* finn me på Austlandet og i Trøndelag, dels i Nord-Noreg. *Noka* (f.) finst brukt både på Vestlandet og i Nord-Noreg, *nokor* på Vestlandet og Austlandet. Elles finst i Trøndelag og i Nord-Noreg inkjekjønnsforma *nåkka* ofte saman med forma *noen* elles.

Me tek med ein del av oversikta som *Framlegg til læreboknormal* 1957 har om utbreiinga av *nokon/noen*:

(...) Fleirtalspronomenet *nokre* skal brukast når talaren har visse personar, dyr eller ting i tankane, medan ein elles bruker *nokon* (jf. Hellevik 1971:80). På den måten får dei to setningane i kvart par nedanfor ulikt innhald:

I a Kom det nokre målkvinner på møtet i går?

I b Kom det nokon målkvinner på møtet i går?

Dette skiljet er nok lite gjennomført i dialektane no, og på Vestlandet ser forma *nokon* ut til å vera den vanlege fleirtalsforma i begge tydingane."

Det er elles ikkje undersøkt systematisk korleis utbreiinga av dei ymse formene er.

Vurdering

I innspela på Nynorsk 2011 og på e-post er det mange som går inn for å stryka dei formene som ligg nær bokmål, dvs. *bar*, *bare*, *da*, *kjøra*, *mye*, *nå*, *noen* og *skole*. Særleg er det *bare*, *mye* og *noen/noe* som blir nemnde. Somme tek til orde for å stryka *bare*, *mye* og *noen/noe*, men jamstella *då/da* og *no/nå*.

Jon Fosse skriv: " Det verkar som det er semje om at den nye nynorsknorma bør samla seg kring den såkalla «midtlinjeynorsken», og det er eg aldeles samd i. Likevel bør norma vera så vid at det går an å skriva både meir «tradisjonelt» og meir «radikalt», men berre så lenge opningane for dette ikkje går på identiteten til nynorsken laus, for sjølvstøtt har nynorsken nokre ord og former ('eg', 'ikkje' m a) som nynorsken ikkje kan tenkjast utan, som gjev «identitet». Og etter mi språkkjensle er også 'berre' eit slikt ord, som 'hjarta' / 'hjarte' er det, og som 'gjera' / 'gjere' er det, for meg faktisk òg 'mykje' og 'no'. Etter mi meining bør dette bli eineformer. Som eg òg meiner at 'noko' for 'noe' osb bør bli eineformer."

Atle Måseide meiner: "Det bør vere mogleg å seie både *noko/nokon/nokre* og *noe/noen/noen*. Eg er ikkje av den oppfatning at tilhøyrer noe det dialektale repertoaret til ein eller annan, så skal/bør normeringa automatisk rette seg etter det. Men eg er temmeleg overtydd om at så stor del av dei som nyttar nynorsk til dagleg, brukar *noe/noen/noen*, at det er eit godt poeng å tillate det."

Nikolai Nelvik seier det slik: "Reinsk ut med hard hand og la desse vere eineformer: *åleine, berre, mykje, nokon, no, så* – og kanskje *då* (alternativt *da/då*). Også *høra/høre* og *kjøra/kjøre* kan etter mi meining strykast."

Somme tek til orde for å behalda nokre av eller alle desse formene, mellom andre Lars Vikør og Østfold Mållag. Merknadene frå Lars Vikør er tekne inn under kvart enkelt ord nedanfor.

Østfold Mållag seier: "Vi meiner at det er uheldig om det som nå er hovudformer, skal ut av rettskrivinga (*mye, kjøre, høre*)."

Kjell Erik Steinbru vil ha *no/nå, høyra* og *kjøra*. Vegard Storsul Opdahl vil behalda *da* vsa. *då*, likeins *-lig* vsa. *-leg*, og *åleine/åleine*. Derimot meiner han at *no* fungerer som samleform for *no* og *nå*.

Gjennom møta som nemndleiaren og sekretæren har gjennomført, har mange meint at nemnda kan stryka *bare, noe, mye*, mens det er meir delte syn på om ein bør stryka *da, kjøra* og *skole*.

Inge Bungum, som er lærar i Førde, seier det slik: "*Noe, mye, bare*: Dei fleste skriv: *berre, mye, da, no, så*. *Mye* er brukt mykje meir enn *noe*. Eg trur eg ville gå inn for valfridom, sjølv om dei bokmålsnære formene blir dominante. Det er det store trugsmålet for nynorsken at han blir for bokmålsnær. Samtidig er det ein fare å gjera nynorsken for arkaisk, særleg når det gjeld ordval. *Kjøre/køyre* blir begge brukte her. Likeins *skole* og *skule*. Meir problematisk å ta bort *skole* og *kjøre* enn *noe* og *mye*."

Eikum ved Nynorsk mediesenter seier: "Me bør kvitta oss med *noe, mye, bare, nå* osv.(...) Det er mykje viktigare å fjerna *skole*, og skriva *noko* og *mykje* og diftongar, enn j-en."

Stig Helset ved Høgskulen i Volda sa det slik: "Eg vil fjerna typiske bokmålsformer som *noe, mye, bare, skole*, men vil òg fjerna dei mest konservative formene."

Hjalmar Eiksund: "Det blir fort ei politisk sak meir enn ei normeringssak om du fjernar *skole*, som jo finst i store delar av landet. Då blir det det regionale omsynet som slår gjennom, og eg er skeptisk til det."

Anne Steinsvik Nordal: "Det er svært viktig kva som står i lærebøkene, t.d. bør det brukast *skule* i lærebøker til nynorskelevar."

På tekstekontoret i NRK var alle samde om at dei vil ha bort *noe, mye og bare*.

Ved Nynorsk kultursentrum vart det sagt at mange i Nynorskland synest det er ille med former som *skole, da, noe, mye*. Det var semje om at me bør halda nynorsk og bokmål frå kvarandre, men det vart stilt spørsmål ved om me mistar dei som bruker former som *noe* og *mye*, viss dei formene blir borte.

Helge Sandøy meinte at ein ikkje kan stengja ute *noe* og *mye* med den grunngevinga at ein då risikerer at formene kjem inn i lærebøkene. Andre – også på Vestlandet – har *noe* og *mye* i talemålet, og nynorsken bør ikkje gjerast framand for dei. *Skole* er døme på ei form som truleg har kome inn gjennom lovverket og byråkratspråket. *Skule* og *me* er former som ikkje har støtte frå statsapparatet; derfor står dei svakare enn dei burde ut frå utbreiing i talemålet.

Jan Terje Faarlund fortalde at prinsippet i arbeidet med 2002-utgreiinga var at dei ikkje skulle gjera nokon sideformer om til hovudformer, og der det var jamstelte former, skulle ein velja

- 1) den som var mest brukt
- 2) etter konsekvens
- 3) ut frå tradisjon

Dei tre jentene bak Språkkonsulentene AS peika på brytninga mellom austnorsk og vestnorsk, og ulike kjensler for kva som er "bokmål" og kva som er naturleg norsk tale. Dei to vestlendingane i verksemda ville stryka *noe, mye, da, bare*, mens trønderen ville behalda *da* og *skole*.

Det er vanskeleg å oppsummera innspela, som sprikjer i alle retningar. Men det kjem fram nokre argument som bør vurderast:

- Det bør vera vanskelegare å stryka former som har vore hovudformer dei siste femti åra, enn klammeformer.
- Ein skal lettare kunna opna for valfridom i ord med stor frekvens i språket enn i ord med liten frekvens.

Punkt 3 i mandatet peikar nett på den vanskelege balansegangen nemnda må gjera her:

Norma skal vera slik at nynorsken framleis kan appellera til språkbrukarar over heile landet og gir rom for former som er i allmenn bruk blant breie grupper av nynorskbrukarar. Breitt talemålsgrunnlag, mykje brukte former og ord, geografisk spreiiing og skriftspråktradisjonar er difor blant dei viktigaste faktorane som skal balanserast i den nye norma.

Nedanfor er kvart enkelt ord vurdert. Lars Vikør har kommentert kvart enkelt ord bortsett frå *berr* [*bar*], og merknadene hans er tekne med her.

berr [*bar*]

Ordet har ikkje vore med blant "problemorda" tidlegare, men i sist møte vart det sagt at det bør behandlast likt som *berre* [*bare*]. Spørsmålet er om dei må behandlast likt. Sjølv om orda heng saman etymologisk sett, er det ikkje opplagt. Dei hadde ikkje same status i 1917, jf. ovanfor, og truleg tenkjer dei færraste språkbrukarar på samanhengen når dei bruker orda. Førebels vedtak er at *berr* og *bar* skal vera jamstelte.

berre [*bare*]

Lars Vikør skriv om *bare* – *berre*: "Dette er eit av tvilsspørsmåla. *Bare* er først og fremst ei form for det sørvestlege, særleg Rogaland fylke, truleg også Agder, som det også er nemnt i sakspapiret. I skriftleg nynorsk er det særleg hos skribentar frå denne landsdelen ein finn det. Alexander Seippel (setesdalsmann) var ikkje komfortabel på dette punktet; han ville helst ha *barre*. I vanleg skriftleg nynorsk er det klart at *berre* er den umarkerte forma, mens *bare* er regionalt markert. Eg er i tvil om kva eg ville ha gjort, men det er lurt å vere obs på kva rogalendingar seier i ordsiftet om dette. Om dei jamt over godtek *berre* som eineform, skulle det ikkje vere noko i vegen for det."

Fleire av innskrivarane som truleg er rogalendingar, har teke til orde for å behalda [*bare*]. Det same har enkelte andre, til dømes Østfold Mållag. Fleirtalet synest å kunna tenkja seg å stryka [*bare*].

da el. då

Vikør: "Av spørsmål til diskusjon tek de opp *da* – *då*, der eg meiner begge har så store brukargrupper bak seg, og står så sterkt som regionale identitetsmerke, at begge bør bli ståande (jf. omtalen av *no* – *nå* ovf.)"

Fleire tek til orde for å behalda *da* og *då* valfritt. Det er klart fleire som talar for *da* enn for dei fleste andre formene det her er tale om.

kjøra el. køyra

Vikør: "Også *høyre* og *øyre* kunne bli eineformer, men å komme *kjør(e)*, *mør*, *rør* og *skjør* til livs har eg mindre tru på."

Somme kan tenkja seg å stryka *kjøra*, men også her er det fleire som argumenterer med at *kjøra* til no har vore hovudform, og at forma står sterkt i fleire landsdelar der det er vanleg å seia *høyra*, men *kjøra*.

mye el. mykje

Vikør: "Eg ville foreslå å behalde *mye*, som 'signalord', som sakspapiret seier – trass i at *mykje* er den dominerande og umarkerte forma."

Det er ulike meiningar om *mye*, men fleire oppfattar det som framandt i nynorsk, mens andre viser til at det er eit viktig ord å kunna bruka for dei som har det i sin dialekt. Dessutan er det i ferd med å bli vanleg i mange dialektar også på Vestlandet.

no [nå]

Vikør: "*No* – *nå* er annleis, fordi det her er snakk om ein uttaleskilnad mellom dei to skriftformene. Eg trur det er lurt å jamstille, fordi eit stort sørleg område som inkluderer Sørvestlandet, truleg også Sunnhordland, har *nå* (attåt Gudbrandsdalen). Kombinasjonen *då* og *nå* er vanleg på Sørvestlandet, mens kombinasjonen *da* og *no* er vanleg i Trøndelag. Dette er såpass frekvente ord og sentrale regionale markørar at eg trur det har ei viss betydning for folk at dei kan velje."

I innspela frå ulike kantar har det kome fram at *no* kan fungera som samleform for uttalen *no* og *nå*, men somme tek til orde for jamstelling.

nokon [noen]

Vikør: "Eit vanskeleg spørsmål er *nokon* – *noen*. Her er *nokon* heilt dominerande i bruken, og det er gode grunnar til å gjennomføre denne forma. Problemet er særleg dei nokså komplekse reglane for bruken av *nokon* i fleirtal i forhold til *nokre*. Nemnda burde sjå på dei og anten sjå dei som argument for *noen*, som er enklare å bruke, eller vurdere ei forenkling av desse reglane ved *nokon* dersom ein kjem til at ein vil ta ut *noen*."

Det er mange som tek til orde for å fjerna *noen*, og som Vikør skriv, er forma lite brukt i nynorsk. Det er likevel grunn til å vurderer om fleirtalsbøyinga av *nokon* kan forenklast.

skole el. skule

Vikør: "Eg går sterkt imot framlegget om å ta vekk *skole*, fordi det er ei så godt etablert og utbreidd form både i tale og skrift. Denne forma vart opphavleg promotert av målfolk nordafjells, ikkje minst frå Nord-Noreg, der *skule* kjennest heilt framandt. Rett nok vil mange sjå bort frå slike omsyn, sidan det gjekk som det gjekk i Nord-Noreg, og det hadde eg òg gjort om *skole* var blitt verande ordlistefyll. Men det er komme i vanleg bruk, samtidig som *skule* hevdar seg svært godt. Det ligg mye regionalkjensle i bruken av både *skole* og *skule*, og eg ser det ikkje som noko negativt at skolar får heite *skole* og *skule* litt etter talemålet i distriktet og ikkje berre etter målformgrensene (sjølv om det ikkje går opp der dei har bokmål, men seier *skule*)."

Skole kom inn som klammeform i 1938, og har vore jamstelt med *skule* sidan 1959. Som Sandøy seier, har det særleg vore staten som har fremja bruken av *skole*, mens den dominerande forma i område med nynorsk skulemål heilt klart er *skule*. Men *skole* står òg sterkt i mange norske dialekter, og kan dessutan brukast som samform for statlege høgskular, som skal ha både nynorsk- og bokmålsnemningar.

så [so]

Vikør: "So har nok eit snevrare grunnlag enn *nå*, og i alle fall om de held fast på å stryke *nå*, må vel *so* også strykast."

So var ute av nynorsk rettskriving frå 1938 til 1991, og ut frå det står forma overraskande sterkt i nynorsk rettskriving, mellom anna blant mange målungdommar. Det er likevel ikkje ei form som mange tek til orde for å behalda.

Konklusjon

Alle orda det her er snakk om, er frekvente ord som gjerne kan ha valfrie former, dersom ein går inn på prinsippet om at valfridom i større grad kan akseptrast i dei 1000 mest frekvente orda enn i dei mindre frekvente.

Det er klart flest som tek orde for å behalda dei formene som har vore hovudformer til no: *da*, *kjóra*, *mye* og *skole* – og særleg for *da*, *kjóra* og *skole*.

VI. NY GJENNOMGANG AV NORMA – FORMVERKET

I sist møte gjekk nemnda gjennom alle tidlegare vedtak om lydverket. I dette møtet går nemnda gjennom alle tidlegare vedtak som har med formverket å gjera. Oversynet over alle vedtak blir offentleggjort så snart som råd etter møtet.